

Hjortestamma skal drøftast på junimøte

19.05.2009



Hjort felt i Haugland-området, der problemet er stort. (Foto: Jane Haaranes)

Hjorteforvaltninga i området frå Uskedalen til Løfallstrand er eit veksande problem og i juni skal problemet drøftast på eit større møte i Rådhuset i Rosendal. Det blir halde mandag 8. juni - om kvelden. Viltforvaltninga har teke kontakt med Arve Aarhus for om mogeleg å finne løysingar på vanskane som den store hjortestamma skaper, opplyser sakshandsamar Terje Natland.

Tema blir kva som kan gjerast på kort sikt, kva ein treng lengre tid på å løyse, kva ein vil med hjortestamma og kva som er mogeleg innandør regelverket i dag.

Invitasjonen til møtet har gått til alle som skrev under eit brev om problemet i mars og til alle valdleiarane i området.

Adresselista inneheld difor desse:

- * Jaktvalda Strando, Hjortefot, Hjelmeland, Tverrfjeld og Haugland.
- * Vegard Hjelmeland, Nils Inge Haugse, Halvard Fausk, Lars Johan Næs, Bergljot Bruåsdal Hesvik, Harald Hjelmeland og Kjetil Mehl.
- * Kvinnherad Bonde- og Småbrukarlag, Kvinnherad Sau og Geit og Omvikdalen Bondelag.

Av Ola Matti Mathisen